



# Himmel & hav

1. ÅRGANG / NR. 2 2023



## Gjenbruks-generalen

Alvhild Vassel Eide (75) fikk kall av Gud til å bli misjonær. Nå driver hun gjenbruksbutikk.

SIDE 4





**Dag-Olav Bjørøy**  
Fellesrådsleiar

## Takk og farvell!

Ei grandtante for meg brukte dette uttrykket når ho meinte «dei brydde seg ikkje om kva eg hadde gjort, men var glad dei var kvitt meg».

Det er ikkje slik eg kjenner det – etter mange år som leiar av fellesrådet, først i Fjell som eittsoknskommune, så i Fjell med tre sokn og til slutt i Øygarden med fem sokn. Det har vore mange år i alt, med oppturar og nedturar, med mykje arbeid og gode medarbeidarar, med fortvilning og glede.

Vi har vore gjennom mange endringsprosessar i denne tida, både lokalt og nasjonalt i kyrkja, og eg er takksam for at eg har fått gitt mitt bidrag.

Men fortid er fortid, og vi må sjølv sagt fokusere på framtida; det er der vi skal vere resten av livet. Og kven som leier oss, betyr noko – både for oss sjølve og for resultatet. Vi treng leiarar vi kan stole på, og der er vi heldige i kyrkja:

Vi har ein leiar vi alltid kan stole

på, ein som har gått før oss og vore prøvd i alt for vår del. Og vi har fått den største julepresangen vi nokon gong kan få: Frelse, å bli forlikt med Gud, uansett kva vi har prestert. Som synleg teikn har vi festbordet som vert dekket i gudstenesta, vi blir inviterte til å få del i måltidet som Herren sjølv har innstifta for oss. Betre kan det ikkje bli!

Takk for meg!

**Utgevar:** Øygarden kyrkjelege fellesråd  
**Ansvarleg redaktør:**

Annlaug Børve, kyrkjevevjerje

**Redaktør og grafisk utforming:**

Yngvild Mørner Sørheim

**Redaksjon:** Olai Otterå (Sund sokn), Ragnhild Andersland (Fjell sokn), Alvhild Vassel Eide (Landro sokn), Leif Gunnar Vik (Hjelme og Blomvåg sokn)

**Framsidedeilete:** Alvhild Vassel Eide

**Foto:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** RK Grafisk

**Opplag:**

4 nummer i året.

**Frivillig kontingent:** 350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds - Takk for di støtte!

**Bankgiro kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Vipps kyrkjeblada i Øygarden:** 82511

**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Himmel&hav: 24. januar 2024

**E-post redaksjon:** ys487@kyrkja.no

**Øygarden kyrkjekontor,**

Tydebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i

Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar

kl. 09.30–14.30

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/oygarden

## Kvifor får du Himmel&hav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle postkassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekkje ut adresser, så om du ikkje ønsker bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelet. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

# Innhald



- 04** Gjenbruks-generalen
- 06** Resultata frå kyrkjevalet
- 08** Bli med under presenningen i Fjell
- 10** Konsertar og arrangement
- 12** Julequiz
- 13** Eit reknestykke

- 14** Konfirmantjubileum
- 16** Nye i kyrkjestaben
- Innstikk:** Kontingentgiro
- 17** Juleandakt frå biskopen
- 18** Livets gang
- 20** Barn og unge sine sider
- 22** T-dagen

- 23** Ei kyrkje full av ungdommar
- 24** Smånytt
- 27** Harald Myklebust om Trygve Bjerkrheim
- 28** Øygardssong
- 29** Invitasjon til julefest
- 30** Gudstenester

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.



# Hører Guds stemme

Alvhild Vassel Eide (75) er gjenbruksbutikk-gründeren som selger videre det vi i Øygarden ikke trenger. Motivasjonen fikk hun på en overnaturlig måte som 14-åring.

**Tekst: Leif Gunnar Vestbøstad Vik**

**Foto: Yngvild Mørner Sørheim**

For 10 år siden tok Alvhild Vassel Eide daglig buss på vestsiden av Sotra. Hun hadde brått mistet mannen sin og var blitt enke. På Møvik så hun et tomt lokale og fikk ideen om å etablere den første gjenbruksbutikken på Sotra. Gjenbruksbutikker hadde dukket opp flere steder i Norge, og nå burde Sotra også få en slik butikk, tenkte hun. Butikken ble fort en suksess. Frivillige

ansatte holdt kostnadene nede og store deler av inntektene gikk til misjon og bistandsarbeid i regi av organisasjonen Det Norske Misjonsselskap. I 2019 flyttet butikken til Straume og har nå en årsomsetning på 1,4 millioner kroner. Det Norske Misjonsselskap ble Alvhild kjent med gjennom bestemoren i Herand i Hardanger.

## Saft og kaffe

Alvhild er eldst av fem søsken og vokste opp i Hardanger i et hjem som var opptatt av å dele kristen-troen både med naboer og folkeslag i Afrika.

–I huset vårt kom det ofte predikanter og misjonærer på besøk. Bestemor var med i misjonsforening. Hun gikk på forening mandag formiddag

sammen med en gruppe eldre kvinner. Seks år gammel fikk jeg være med på forening. Det var før jeg startet på skolen. Jeg fikk saft til nistepakken, mens de drakk kaffe. Der satt jeg helt stille og hørte på da de sang, ba bønner, fortalte om misjonsarbeidet og drakk kaffe. Dette har preget meg for livet, sier Vassel Eide.

### Omkommet

–Jeg fikk et idyllisert drømmebilde av misjon og hvor fantastisk det måtte være å reise til andre verdensdeler og fortelle om Jesus og gjøre godt for folk. Læreren på skolen vår hadde en sønn med familie som var misjonærer på Madagaskar. En dag i 4. klasse da han kom inn til timen, så han litt underlig ut og hadde med et telegram han hadde fått. Han åpnet det og leste det for oss. I telegrammet stod det at barnebarnet hans hadde omkommet på Madagaskar. Da innså jeg for første gang at misjonærlivet også kunne være alvorlig og ikke bare solskinn.

### Guds stemme

Det var under en pinsseleir på Framnes i regi av indremisjonen at Alvhilds livsretning skulle bli avklart. Da var hun 14 år.

–Jeg var på en bibeltime på den leiren, og midt under møtet hører jeg tydelig Gud snakke til meg. Det var ingen andre rundt som hørte det, men jeg opplevde det som en tydelig beskjed til meg der og da: «Jeg vil bruke deg i min tjeneste!» Det var en så tydelig beskjed til meg, at jeg ikke kunne bortforklare det. Jeg ble med i skolelaget på Øystese Gymnas og der opplevde jeg at kallet ble forsterket.

Alvhild forteller engasjert og med glans i øynene om ungdomstiden.

–Hvordan velger man utdanning når en har et kall fra Gud, spør jeg undrende?

–Jeg tenkte at læreryrket kunne være nyttig om jeg skulle bli misjonær. Så søkte jeg Det Norske Misjonsselskap og fortalte at jeg hadde misjonærkall og kunne tenke meg å reise som misjonær til Japan. De svarte med å spørre om jeg ville reise til Kamerun i Afrika. Der var det et akutt behov for lærermisjonærer. Så ble det Kamerun! Deretter ble det misjonsskole og språkstudier i fransk.

### Forvandling

26 år gammel reiste Alvhild til Kamerun. Etter språkstudium i fulani ble hun plassert til Gadjiwan og ble rektor for fire skoler og en barnehage.

–Totalt hadde jeg ansvar for 220 elever og mange lærere. Skolene lå langt fra hverandre, så det ble mange lange turneer til fots gjennom bushen. Min jobb som rektor var å trene opp de lokale lærerne og administrere skolevirksomheten. Senere hadde jeg også leseopplæring for voksne analfabeter.

–Det var inspirerende å bidra til at barn som kom fra analfabet-miljø fikk utdanning og nå er i ledende stillinger. Jeg gledet meg også over voksne mennesker som for første gang opplevde å forstå bokstavene og det de leste.

Alvhild var også engasjert i den lokale kirken i Gadjiwan. Da hun kom dit i 1975, var det 40

personer der. Da hun kom tilbake til Gadjiwan siste gang i 1996 var det over 200 personer som deltok i kirken.

–Det var en enorm glede å se at mennesker tok imot evangeliet.

### Gode dager

Alvhild og ektemannen Jacob-Ørjan fikk ikke barn. Etter mange år som enke, solgte hun gården på Eide og flyttet til Valderhaug på Ågotnes. Hun er pensjonert misjonær, men ikke arbeidsledig.

–Kallet er her enda, sier hun og smiler.

–Jeg vet det inni meg. Det er det rette at jeg må følge kallet fra Gud. Det får andre uttrykk her hjemme enn det hadde i Kamerun, blant annet ved at jeg nå går på skrivekurs og skriver ned historiene mine fra Kamerun. Arbeidet på NMS Gjenbruk på Straume ser jeg også som en videreføring av misjonærkallet. Det jeg har opplevd og erfart er at å følge Guds kall er noe som gir glede og gode dager!

–Det høres ut som om du er konstant glad?

–Jeg fikk en erkjennelse med læreren i 4. klasse at det også er forbundet med sorg og bekymring å være misjonær. Jeg også har stunder der jeg kjenner meg trist og motløs. Mitt største sjokk var da mannen min døde – nesten på sekundet. Det kommer jeg aldri over. Men også i den sorgen visste jeg at Gud er med – alle dager. Det tvilte jeg aldri på. Innerst inne kjenner jeg fortsatt på kallet og en dyp glede, sier Alvhild Vassel Eide.

# Resultata frå kyrkjevalet

Her kan du sjå kven som er valt til dei ulike sokneråda.

Dette seier kyrkjeordninga § 12 om primær oppgåva til soknerådet:

"Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet,

særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet."



## Sund sokneråd

Medlemmer frå venstre: soknerådsleiar Arne Bakke (f. 1958), nestleiar Øygunn Skodvin Prestegård (f. 1979), representant i fellesrådet Anne Grete Hareide (f. 1952), Fredrik Andreas Mortensen (f. 1968), Karen Helene Boga (f. 1946), sokneprest Lars Arne Vik (f. 1965) og vararepresentant i fellesrådet Jan Tveit (f. 1954).

Varamedlemmer (ikkje på foto): Olaug Glesnes (f. 1950), Oddbjørg Norunn Heimark (f. 1959), Minda Valborg Olsen (f. 1934), Wenche Selstø (f. 1950) og Berit Marie Nygård (f. 1953).



## Fjell sokneråd

Medlemmer frå venstre: soknerådsleiar Eigil Nødtvedt (f. 1949), varamedlem Gerd Fjeld Andersen (f. 1952), Arvid Nese (f. 1961), Søgne Lillevik Nilsen (f. 1972), Svein Jarle Yndestad Eide (f. 1973), Magny Bjørsvik (f. 1960) og sokneprest Per Hjemdal (f. 1969). Ikkje med på foto: Harald Pedersen Fylling (f. 1954).

Varamedlemmer (ikkje på foto): Hans Kristian Hornnes (f. 1967), Gyri Ann Lie (f. 1957), Paul Edvin Marhaug (f. 1968) og Sigrun Bergsvik (f. 1949).



## Foldnes sokneråd

Medlemmer frå venstre: varamedlem Gunnar Innerdal (f. 1983), nestleiar Olav Ingard Fjeldstad (f. 1964), Astrid Aksnes Myskja (f. 1968), Renate Olsen Seim (f. 1977), Hein Anders Kvalheim (f. 1966), Ole Hamre (f. 1966), Ingelin Djupevåg Våge (f. 1985), varamedlem Bente Johanne Kongsbakk Madsen (f. 1954), sokneprest Maria Tveten (f. 1978), representant i fellesrådet Torill Selsvold Nyborg (f. 1951) og soknerådsleiar og vararepresentant i fellesrådet Per-Helge Refvik (f. 1972).

Varamedlemmer (ikkje på foto): Trond Høvik (f. 1962), Jan Terje Sønstabø (f. 1967) og Bjarne Skarestad (f. 1965).



## Landro sokneråd

Medlemmer frå venstre: varamedlem Laila Linde Lossius (f. 1964), soknerådsleiar Dag-Olav Bjørøy (f. 1957), nestleiar Tove Karin Lyngsmo Angeltveit (f. 1968), Kjersti Berland Hassel (f. 1970), representant i fellesrådet Kirsten Marie Angeltveit Kjølén (f. 1948), vararepresentant i fellesrådet Anne Kristine Torvik Christiansen (f. 1954) og sokneprest Bjarte Nese (f. 1978).

Varamedlemmer (ikkje på foto): Sven Bech-Sørensen (f. 1974), Elias Solsvik (f. 1953), Hilde Oaug Tennebø Heggholmen (f. 1967) og Mona Lise Alvøen (f. 1963)



## Hjelme og Blomvåg sokneråd

Medlemmer bak frå venstre: soknerådsleiar og vararepresentant i fellesrådet Erling Vik (f. 1956), Martin Jonas Hellesund Nakken (f. 1995), nestleiar Aina Elisabeth Hellesund (f. 1988), Steinar Konrad Blom (f. 1990), og sokneprest Espen Tveten (f. 1974). Framme frå venstre: representant i fellesrådet Gisle Kårbø Rong (f. 1976), Therese Dale Gerhardsen (f. 1991) og varamedlem Elise Irene Karlsen (f. 1994).

Varamedlem. (ikkje på foto): Gustav-Magne Landro (f. 1968), Råmund Skjold (f. 1967), Katrine Dale Olsen (f. 1991) og Siv Helen Vik (f. 1987).



Bak den grønne presenningen er tårnet. Laft og tak er rive for å fjerne råteskadd materiale

# Bli med under presenningen i Fjell

Om du tek vegen forbi Fjell, vil du sjå at den ærverdige kyrkja som snart fyller 150 år står innhylla i kvit presenning. Himmel&Hav har fått vere med prosjektleiar Jon Ivar Friborg på synfaring for å ta det omfattande arbeidet med å rehabilitere kyrkja nærare i augesyn.

**Tekst og foto: Annlaug Børve**

–Heile 35 tonn skifer er teke ned frå taket, fortel Jon Ivar. Vekta har sett sine tydelege spor på dei gamle takåsane, som er grundig bøygde. Ein viktig del av rehabiliteringa er å styrke taket med nye takåsar av limtre.

I overgangen mellom tårnet og kyrkjeskipet har vatnet funne vegen inn. Når Himmel & Hav kjem på besøk er øvre del av laftet i gavlveggen mot tårnet fjerna. Endane av takåsane som kvilte på veggen var heilt rotne, og taket

er difor rive bort til næraste sperr. –Over 20 gonger meir laft enn det vi hadde håpa på må skiftast, seier Jon Ivar. –Råte er eit problem mange stader, mellom anna under det vakre glasmaleriet i koret. All farleg råtesopp må vi få fjerna

heilt for å unngå smitte til friskt materiale, seier Jon Ivar. Anna type råte vil slutte å utvikle seg når fukttilgangen forsvinn.

Jon Ivar fortel at det også har dukka opp andre overraskingar. –På vindauga er det større rustangrep enn venta, så jernsprossane må sveisast. Blya som held glasa på plass er ganske

tynnslitne og vil ikkje tole kitting. Det vil seie at 12 600 glas må ut, og få ny blyinnfatting. Arbeidet på vindauga vil koste fleire millionar meir enn budsjettert, om alt skal gjerast no. Dette er ei stor utfordring, og det er mogeleg nokre av vindauga må setjast inn igjen slik dei er. –Det vil i så fall bety at vindauga må reparerast innan dei neste 10 åra, avsluttar Jon Ivar.



Følg med på prosjektet og sjå fleire bilete på nettsida vår: [kyrkja.no/oygarden/rehabilitering](http://kyrkja.no/oygarden/rehabilitering)



Prosjektleiari i Øygarden kommune  
Jon Ivar Friborg



### Ny inngang

Kyrkjelydssalen vert nytta som kyrkjerom under prosjektperioden. På sørsida har vi fått ny inngang med rullestolrampe. Den enklaste tilkomsten for rullestolbrukarar er porten vis-a-vis bensinstasjonen og gjennom gravplassen. Her viser Hein Kvalheim den nye inngangen.

Foto: Kjell Andersland

## Fjell kyrkje, jula og parkering

I advents- og juletida kan ein parkere ved Fjell skule, nedanfor bakken ved kyrkja og ved gravplassen på Kleivane / ved ungdomshuset.

På julaftan blir det tre gudstenester kl. 13, 14.30 og 16. Sidan vi må vere i kyrkjelydssalen blir det litt meir begrensa plassar i forhold til tidlegare julegudstenester.

Julaftan og juledag kan ein parkere på den private parkeringsplassen til Rema 1000.





Foldnes kyrkje  
søndag 3. desember kl. 19.30  
Inngang kr. 150 - Vipps i døren

# Aldri ble vår jord forlatt

En julekonsert av  
Gospelkoret Lokal Vokal

## Liste over bibeltimar – Nautnes bedehus vår 2024

- Torsdag 25. januar kl. 19  
ved Ole Corneliussen
- Torsdag 29. februar kl. 19  
ved Odd Sverre Hove
- Torsdag 21. mars kl. 19 (påske)  
ved Arnfinn Norheim
- Torsdag 24. april kl. 19  
ved Asle Hetlebakke
- Laurdag 27. april (bedehusbasar)  
ved Anita Solbakk
- Torsdag 30. mai kl. 19  
ved Ove Heradstveit



KOM OG BLI MED PÅ STEMNINGSFULLE

# Vi syng jula inn!

**Mykje song  
og musikk,  
andakt og god  
julestemning**

Hjelme kyrkje 10. desember kl. 17  
med Sotra Reviderte

Landro kyrkje 10. desember kl. 17.30  
med Landro barne-, tweens- og  
teenskor, musikarar, solistar og band

Blomvåg kyrkje 17. desember  
kl. 17 med Lyskastaren og Øygarden  
skulemusikkorps

Rausland kyrkje 17. desember kl. 17  
med Stjerne- og betweenskor

Foldnes kyrkje 17. desember kl. 17.30  
med Lukas TenSing,  
Mannskoret Avogtil og solist

Fjell kyrkje 17. desember kl. 18  
utandørs med Øygarden kyrkjebrass  
og tenning av julegran

# Morgonmesse i Blomvåg kyrkje

Tysdag 5. og 19. desember  
kl. 06.30

Få ein annleis start på dagen i adventstida. Det blir andakt, song og musikk ved eige husorkester og nattverd.



## Adventssamling for føremiddagstreffa

Torsdag 7. desember kl. 13.00  
i Blomvåg barnehage, Høgeseta 1, Rong



Det vil bli servert full julemiddag med dessert

Barnehagebarn syng for oss

Tale av prost Jan Tommy Fosse

Diktlesing ved Haldis Reigstad

Sang av Karen Oliva Solheimsliid

Det vil og bli gitt høve til å gi ei gåve til misjonsprosjektet til barnehagen.

NB: Festen kostar kr. 450.- pr. stk. og det er påmelding til Ellen Ebbesvik, innan 30.november på tlf. 924 42 881 eller e-post ee465@kyrkja.no

## VI SYNG — jula ut —



Konsert med Sotra Reviderte og Øygarden kyrkjebrass

Laurdag  
13.01.24  
kl. 17.00

**Sund kyrkje**  
Gratis inngang!  
Mogeleg å gje kollekt

## O, jul med din glede

Fjellkoret inviterer til:

**Foldnes kyrkje**

Torsdag 21.12.2023  
kl 18.00 og 20.30

**FJELLKORET**

Jan L. Jacobsen, dirigent

Tarjei Vatne, piano

Ole A. Gjersvik, bass

Øystein Steinsland, orgel

Billetter via TicketCo

250,- for voksne

150,- for barn, under 16 år

Velkommen til en førjulskveld med korsang, solister, allsang og god julestemning.

# Julequiz

Klarer du 20 raske spørsmål om jula?

1. Kvar var Kvirinius landshovding?
2. Kven var keisar i Roma då Jesus vart fødd?
3. Kva yrke hadde Josef?
4. Kva for ein by vart kalla "Davids by"?
5. Maria var trulova med Josef. Kva er ei truloving?
6. Kva for ein engel kom på besøk til Maria?
7. Kor mange vismenn besøkte Jesusbarnet?
8. Kva heitte kongen i Jerusalem som vismennene besøkte på vegen til Jesusbarnet?
9. Kva gjorde kong Herodes i Jerusalem då han høyrde det var blitt fødd ein ny konge?
10. Korleis fortalde Gud vismennene at dei ikkje skulle dra tilbake til kong Herodes?
11. Kva hadde vismennene med til Jesusbarnet?
12. Kva tyder namnet "Jesus"?
13. Kvar drog englane etter at dei hadde sunge for gjetarane på marka?
14. Kva nummer i søskenflokket var Jesus?
15. Kvar drog Maria og Josef etter Jesu fødsel?
16. Kor gamal var Jesus då han vart omskoren?
17. Kva for ein julesong er opphavleg tysk?
18. Kva var jula i Noreg før landet vart kristna?
19. Kvar kjem omgrepet "nisse" frå?
20. Kor gamal er skikken med juletre?

1-5: Uff! Dersom du går 1. klasse om ikkje anna enn i desember, vil du klare det betre neste gang!  
 6-10: Litt sånn blanda, kva? Du bør ta en tur i kyrkja på julaften, om ikkje anna så for allmenndanning!  
 11-15: Ikkje verst! På julaften vil du kunne relatere riktig godt til presten si preike!  
 16-19: Imponerende (Men nei, vi seier ikkje at du ikkje treng gå i kyrkja i jula!)  
 20: Hurr! Du kan vikarierere for presten dersom han vert sjuk!


1. Syria
2. Augustus
3. Snikkar
4. Betlehem
5. Ekteskap utan samliv
6. Gabriel
7. Det står det ingenting om
8. Herodes
9. Drap alle gutebarn i området
10. I en draum
11. Gull, røykelse og myrra
12. Gud freiser
13. Tilbake til himmelen
14. Jesus var den eldste
15. Til Egypt
16. 8 dagar
17. På låven sitter nissen
18. Ein lyfest
19. Frå St. Nikolas
20. Ca. 200 år

Fasit

## Visste du at...




... julekula er symbol på jordkloden, og Gud sin kjærleik og omsorg for kloden og alle menneska.



... julelenkjene symboliserer solidaritet og samhald mellom menneska.




... stjerna symboliserer stjerna som stod over Betlehem.



... julekorgene er ofte forma som hjarte og er symbol på Jesu kjærleik til menneska. Korgene kan fyllast med godteri og små gåver, som eit teikn på Gud sine gode gåver til menneska.

## Eit reknestykke

Hugsar du dei tekst-reknestykka frå skulen?



**Tekst: R.A.**

**Illustrasjon: Kjell Andersland**

Dei var ofte utforma som ei detaljert opprømsing av hendingar som ofte motverka kvarandre, som gjekk føre seg under bestemte tilhøve og på same tid. Så kom sjølve oppgåva til slutt.

Her kjem ei slik oppgåve: Du har 18 tende stearinljós, 1 flygel, 2 song-kyndige prestar, 1 stor og 5 små lommelykter, 30 salmebøker, 1 sal med 29 personar på kvar sin stol, og dei er samla i 1 time. Dei er utan straum. Kva skjer då? Korleis går det med energi-nivået? Vert det produsert nok varme til at dei ikkje fryser der dei sit? Opnar dei salmebøkene? Er det nokon som syng? Kan dei følgje den oppsette planen utan straum? Kan pianisten sjå notane? Er det slik at deltakarane vert varmare på innsida og, tru? Korleis kjende dei seg etterpå?

Svaret eg kjenner til på dette reknestykket er slik: Alle heldt seg varme, dei 2 prestane leia, spela og song både godt, sterkt og vakkert. Dei og vi song tekstar om Dei Evige Sanningar på bokmål, nynorsk og på svensk. Dei fleste kunne mykje av tekstane, dei song frå hjarta, og det kom og gjekk ljosgløtt både på den eine og den andre måten etterkvart. Det vart ynskjekonsert til slutt, og ein salmekveld til å minnast!

Nokre vil seie at kvelden, som var kunningjort som "Salmer i a-dur", på underleg vis vart større enn planlagt. Kan det ha med faktoren som mangla å gjera? Eg trur det. Stor takk må vi også senda til sokneprestane Per Hjemdal og Lars Arne Vik, for dei fekk det sanneleg til! PS: Treng vi straum neste gong?

# Konfirmantjubileum i tre kyrkjer

I haust har fleire jubilantar blitt inviterte til kyrkja, både i Sund, Kausland og Landro var det konfirmantjubileum.

**Tekst og foto: Olai Otterå og Yngvild Mørner Sørheim**

## 1973-kullet

Dei som vart konfirmerte for 50 år sidan blei inviterte til gudstenestene i Kausland kyrkje og i Sund kyrkje. Dette er gjerne første gong at det har vore slike jubileum i Sund etter invitasjon frå kyrkja. Under gudstenesta vart dei presenterte og fekk kvar si rose. Etter gudstenesta fekk dei kvit dame under kyrkjekaffien.

## Ikkje i Fjell denne gongen

Sidan Fjell kyrkje er under renovering vart konfirmantane inviterte til Landro kyrkje. Fire kull møtte opp til gudsteneste og deretter til fest med middag, kaffi og kaker.

Samlinga vart leia av sokneprest Bjarte Nese. Fleire av jubilantane heldt tale om korleis det var å bli konfirmert i si tid, kva dei gjekk med og korleis dei feira dagen. Dei fortalte om kva dei måtte lære og at dei måtte gå til presten før konfirmasjonen.

Stemninga var god og det var mange gledelege gjensyn.



50-årskonfirmantane i Kausland kyrkje. Frå venstre: Kari Toft, Kari Hamre, Tordis Antonsen, Otto Hansen, Arne Bakke, Bente Bakke. Foto: Olai Otterå



50-årskonfirmantane i Sund kyrkje. Framme frå venstre: Sokneprest Lars Arne Vik, Odny Solsvik, Reidun Sangolt, Elin Eide. Bak frå venstre: Kjell Arne Varøy, Lars Inge Førde, Tor Høyland, Knut-Eivind Nygård. Foto: Olai Otterå



Sokneprest Bjarte Nese saman med 80-årsjubilanten Margit Nilsina Lokøy som vart konfirmert i 1943.



70-årsjubilantane som vart konfirmerte i 1953.



Det var mange av 60-årsjublantane som var med på jubileumet. Dei vart konfirmerte i 1963.



I 1973 vart denne flotte gjengen med 50-årskonfirmantar konfirmerte.

# Nye i kyrkjestaben

Vi ønskjer velkommen til dei som er tilsette i haust!

## På kyrkjekontoret



**Tore Solvang** er tilsett som økonomi- og administrasjonsleiar. Tore skal ha overordna økonomiansvar og leie administrasjonen. Han er utdanna økonom og kjem frå ei stilling som budsjettansvarleg for helsesektoren i Øygarden kommune. Tidlegare har han ført rekneskaper for Fjell kyrkjelege fellesråd.

## Ungdomsarbeidarar



**Helge Nilsen** er tilsett i 40 % stilling som Teamleiar ungdom. Helge koordinerer og følgjer opp ungdomsarbeidarane som er knytt til Fjell, Foldnes og Landro sokn. Han er utdanna lærar, og kjem frå undervisningsstilling på Framnes kristne vidaregåande skule.



**Leo Jung** er tilsett i Foldnes sokn som ungdomsarbeidar i 7 % stilling. Arbeidsoppgåvene hans er knytt til Ungdomslørdag i Foldnes kyrkje.

## I Sund har det skjedd fleire endringar i haust



**Torunn Nateland Utvær** er tilsett i 80 % stilling som diakon i Sund. Torunn kjem frå stilling som diakon i Landro. Der skal ho framleis ha ei 30 % stilling knytt til "God nok-" prosjektet, som varer fram til sommaren 2024. I denne perioden har ho delvis permisjon frå stillinga i Sund.



**Ole Kristian Hamre** er tilsett i Sund som vikar for Torunn fram til sommaren 2024.



**Kathrine Beate Solheim** er tilsett som ny kyrkjegardsarbeidar, med hovudtilknytning til kyrkjegardane og gravplassane i Sund og Kausland. Ho skal også ha kyrkjetenaroppgåver i kyrkjene der. Kathrine er 41 år og utdanna gartner. Ho har lang erfaring frå serviceyrke, og har mellom anna arbeidd mykje på hagesenter.

## Kyrkjetenarar



**Janne-Lin Fjeld Andersen** er tilsett i 80 % stilling som kyrkjetenar i Fjell og Foldnes. Fram til sommaren 2024 har ho i tillegg eit 20 % vikariat som ungdomsarbeidar i Landro.



**Mari Hatlelid Naustheller** er tilsett i 5 % stilling som helgekyrkjetenar i Sund kyrkje, og byrja i slutten av juli. Mari er 17 år, og går på vidaregåande skule.



**Bjarne Dávøy Børnes** er tilsett i 5 % stilling som helgekyrkjetenar i Kausland kyrkje, og byrja samtidig som Mari. Også Bjarne er 17 år og går på vidaregåande.



# Ei strime av håp

Ragnhild Jepsen  
Biskop i Bjørgvin

Djupt i mennesket ligg håpet. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av håp. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og håp.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på eit håp midt i det håplause. Vi håpar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr

og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: **Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.**

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med håpet i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har håp for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd,

om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem håp - om det så berre er ei lita strime.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av håp. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at håpet vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i budskapet som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sorgje, å kjenne glede. Å bere på ei håp.

I stallens kulde og mørke spring håpet fram.

Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den mest løfterike av alle høgtider. Ljoset og håpet er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.



## LIVETS GANG

17. august - 3. november

### DØYPTE

#### Kausland kyrkje

Noah Telle  
Noel Elias Dahlman Schurmeyer  
Emile Sandtorv  
Jakob Øvretveit Ulvesæter

#### Sund kyrkje

Athena Kristin Dale Valen  
Johannes Dale  
Magnus Dale Hamre  
Styrk Høyland Fjell  
Benjamin Larsen Kvilhaug  
Ask Reinertsen Espeland  
Ludvig Sigvathsen Witsø  
Luca Vetaas Neteland  
Gustav Johan Nord

#### Fjell kyrkje

Amalie Rosvold Lorentsen  
Tobias Sandal Habbestad  
Emily Egesund  
Sivert Bakkeliid Torkildsen  
Matheo Justad Instebo  
Loui Mateo Morland  
Filippa Turøy  
Evelinn Grindheim Solberg  
Colin Aase  
Julian Nesse Håkonshellen  
Laura Sortland Lie  
David Solsvik Knutsen  
Ian Skarholm Tellnes

#### Foldnes kyrkje

Hedda Haugland  
Hedda Skorven Samuelsen  
Olivia Snekkevik  
Elias Brensdal Dåvøy  
Ine Marthinsen Bernestangen  
Elisabeth Marthinsen Grøgaard  
Aron Landsvik  
Oliver Tobias Norheim Ekerhovd  
Lucas Tangen Isdahl  
Eloise Matthea Hansen Simpson  
Johannes Halland Gravdal  
Jenny Quam Schaug  
Leah Hjelme Grasmø  
Erlend Fedøy Hermundstad  
Jacob Alexander Carlsen Straume  
Thea Grøvlen Solberg  
Oliver Villena Kallekleiv  
Thea Eide Brensdal

Hennie Wiker Sagstad  
Theodor Nilssen  
Synne Lie Lervik  
Ellie Steensæth Bjørsvik  
Mille Villanger Egeland  
William Lereim Refsdal  
Maya Gresseth Tøllefsen  
Ellinor Lereim Refsdal  
Sander Tejera Molde  
Sander Landro-Faugstad  
Jacob Magnus Kartveit Våge  
Liam Naree Støverstein  
Enya Vilja Emblem-Dørum

#### Landro kyrkje

Jonathan Telle  
Olivia Pettersen Ness  
David Mjømen Nødtvedt  
Selma Langeland  
Mia Størløs Bildøy  
Frida Risnes Førde  
Oline Landro  
Max Aldersjøen Træen  
Noah Rygg Sundal  
Magdalena Solli  
Even Wirsching Berntzen  
Henrik Heggdal Storebø  
Thea Madulin Kvamme  
Emma Stavenes Isachsen

#### Blomvåg kyrkje

Mikkel Vik Gangenes  
Colin Tveitan Fjeldstad  
Jakob Skarveland Lerum

#### Hjelme kyrkje

Andreas Wågen Myren  
Tobias Blom Breivik  
Alma Davidsen Breivik

### VIGDE

#### Kausland kyrkje

· Sofie Kausland og Krister Kausland  
· Anita Liljegren Kausland og Tom André Roalkvam Harestad  
· May Iren Tellnes og Geir Atle Forland  
· Cathrine Midtveit og Kim-Terje Sulen-Svendsen

#### Sund kyrkje

· Marie Felicia Vallestad og William Antonesen

#### Foldnes kyrkje

· Linn Thorgersen og Petter Vindenes  
· Annbjørg Margretehe Herland og Igoris Ivascenko  
· Marie Sørbotten Nilsen og Christian Haugen Aspen  
· Susanne Solend Karlsen og Geir Espen Hestad  
· Anne Sofie Høgøy Olsen og Erik Sondre Dahlgren  
· Karoline Skålevik Eide og Ørjan Telle  
· Karianne Eeg Drønen og Daniel Drønen  
· Jeanette Sivertsen og Endre Olsen  
· Mona Eliassen og Tore Sveinung Ekren

#### Blomvåg kyrkje

· Camilla Sjo og Marcus Andersen  
· Mathilde Karin Dale og Erlend Løvfall  
· Linda Marie Fagerholt og Stian Andersen

#### Hjelme kyrkje

· Maria Alette Hellesøy og Kristian Heggholmen Fjeldstad

### DØDE

#### Kausland kyrkje

Thomas Møllerup f. 1978  
(Møllendal lille kapell)  
Arne Magnus Egge f. 1945  
Edvard Bakke f. 1945  
(Møllendal lille kapell)  
Tove Strand Eidesund f. 1955

#### Sund kyrkje

Johannes Telnes Førdedal f. 1947  
Mons R. Sangolt f. 1930  
Karin Olaus Andersen f. 1945  
Magne Vigsø f. 1945  
Signy Teodora Høyland f. 1927  
Anna Vatnedalen f. 1937

#### Fjell kyrkje

Valter Johan Tovås f. 1941  
(Møllendal lille kapell)

### Foldnes kyrkje

Håkon Sigmund Rong f. 1967  
Leif Håkon Arefjord f. 1939  
Ragnar Johan Nilsen f. 1945  
Hege Jeanette Johnsen f. 1973  
Marit Anny Ona f. 1943  
Gynther Rene Bøge f. 1961  
Dina Mendoza f. 1953  
Sverre Einarsen f. 1932  
Else Karin Helgesen f. 1947  
Erlend Von Hanno Kjersem f. 1963  
Odd Emil Syltøy f. 1931  
Eli Karin Andersen f. 1945  
Roy Kristian Wallin f. 1974  
Hjørdis Malene Eide f. 1932  
Jan Magne Sandtorv f. 1941  
Helge Sandtorv f. 1946  
Anne-Grete Spilde f. 1968  
Britt Helen Nesse f. 1960

Anna Elisabeth Telle f. 1935  
Gerd Bodil Hestetun f. 1929  
Ragnhild Rødeggen f. 1934  
Kåre Arthur Åse f. 1936  
Solveig Marie K. Bauge f. 1935  
Emma Elin Larsen f. 1946  
Torbjørn Martin Johnsen f. 1946  
Joao Carlos Da Cruz Mota f. 1965  
Agnar Konrad Nesse f. 1942  
Terje Buen f. 1936

### Landro kyrkje

Kåre Spjeld f. 1937  
Stig Øyvinn Kårtveit f. 1967  
Nelborg Olaug Nordvik f. 1949  
Øyvind Landro f. 1973  
Ellinor Vindenes f. 1923  
Else Johanne Ågotnes f. 1940  
Theodora Brugman Eide f. 1930  
(Møllendal lille kapell)

Inger Solfrid Åse Strandtun f. 1952  
Jørgen Abrahamsen f. 1948  
Arvid Kåre Knapskog f. 1940  
Richard L. Dahl Sørensen f. 1943

### Blomvåg kyrkje

Charles Torsvik f. 1963  
Kjellaug Anny Herdlevær f. 1938  
Gunnar Oen f. 1958  
Berit Karin Edvardsen f. 1951  
Håkon Alvær f. 1938  
Gerhard Artur Torsvik f. 1928

### Hjelme kyrkje

Odd Martin Hellesund f. 1954  
Sonja Knappen f. 1948  
Svein Ove Hennø f. 1945  
Else Karin Nordøy f. 1946  
Marta Kristina Svellingen f. 1931

### Ei varm takk

for all omtanke, deltaking, blomhelsingar og minnegåver til Sjømannskyrkja ved vår kjære **Mons R. Sangolt** sin bortgang og gravferd. Vi takkar Dagsenteret i Skogsskiftet for mange dagar med god omsorg, og Øygarden lokalmedisinske senter for god pleie og omsorg den siste månaden. Takk òg til Bergen & Omegn Begravelsehjelp ved Knut Helge Polden, sokneprest i Sund Lars Arne Vik, organist Irina Tarasova og solist Eirik Søfteland, som gjorde gravferdsdagen til eit kjært minne.

#### Annlaug

Reidar, Jostein, Anne og Ingvild med familiar



Dåp

## Rom for ei ny byrjing

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle dagar. Vi blir sameina med Kristus, og blir ein del av det store fellesskapet i kyrkja. Dåp skjer vanlegvis i ei søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på [kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22.40.00.40



**SOS**  
CHAT



**SOS**  
MELDING



 KIRKENS  
**SOS**

## BARN OG UNGE SINE SIDER

### Kjekt på leir!

4.-5. november var det leir for 3. klasse i Hjelme og Blomvåg sokn med rekordpåmelding! 50 barn fekk med seg to kjekke dagar på Skjergardsheimen.



### LEIRAR I VÅR PÅ SKJERGARDSHEIMEN

9.-11. februar: 5. klasse

16.-18. februar: 7. klasse

15.-17. mars: 6. klasse

24.-26. mai: Ungdomsskuleleir

#### Påmelding:

[kyrkja.no/hjelmeogblomvag](http://kyrkja.no/hjelmeogblomvag)

### REFUEL

8. desember

15. desember:

Julebord

12. januar

26. januar

9. februar

23. februar

8. mars

22. mars

Rong senter

kl. 19.30–22.30

### KRIK

1. desember

15. desember:

Julebord

5. januar

19. januar

2. februar

16. februar

1. mars

15. mars

Hjeltefjorden

arena

kl. 19.30–21.30

### GOSPELTEENS

28. november

23. januar

6. februar

20. februar

5. mars

19. mars

Blomvåg kyrkje

kl. 18-20

### SMÅBARNSSONG

16. januar

30. januar

13. februar

12. mars

26. mars

Blomvåg kyrkje

Kl. 17.30

# Barne- og tweens- program



Sund kyrkjelyd  
vinter og vår

## Myldredag kl. 17-19

Middag – bibelforteljing – aktivitetar – felleskap  
Ta med familien og kom, eller kom åleine

### Kyrkjekjellaren i Sund Kyrkje

10. januar  
7. februar  
6. mars  
10. april  
8. mai

### Kyrkjelydshuset på Kausland

17. januar  
14. februar  
13. mars  
17. april  
15. mai

## Betweenklubb kl. 17:30 til 19:30

Frå 3. klasse og oppover! I kyrkjekjellaren, Sund kyrkje. Vi leikar, ulike aktivitetar, lærer frå bibelen, et kvelds saman.

24. januar  
21. februar  
20. mars  
24. april  
22. mai

## Stjerne- og Tweens- og TenSyng-koret

Likar du å synge? Vi har kor som øver i Sund kyrkje ca. annankvar tysdag.

Stjerne-koret er for deg som er mellom 4-9 år. Vi møtes klokka 17.30-18.10.

Tweens-koret er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver kl. 18.15-18.55.


TenSyng er for deg som går i 7. klasse og oppover. Øvinger kl. 19.00-19.30.

## Felles vinteravslutning!

Tysdag 12. desember kl. 17.30 blir det avslutning for Stjerne-, Tweens- og TenSyng-kora, Betweenklubb og Myldredag i Sund og Kausland!



# Barnekryssord



### Vannrett

1. Bare  
3. (+ 5 loddrett) Julepynt  
7. Jentenavn  
8. 5200  
9. Einar Førde  
10. Lett regn  
12. Pers. pronomen  
13. Guttenavn  
14. Vent  
15. Aksjeselskap  
16. Svært godt  
17. Leve  
18. Jentnavn (eng.)

### Loddrett

1. Henges til pynt  
2. Sted i Nome kommune  
3. Vår Frelser  
4. Strøm  
5. Matfat  
6. Vann m/kullsyre  
11. By  
13. Anta



**Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!**

Send inn kryssord til:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutten:  
Kryssord

Frist: 24. januar

Vinnar av Barnekryssord  
i Himmel&hav nr. 1 – 2023:  
Maja S. Sekkingstad  
frå Fjell

Namn.....

Adresse.....

.....

# T-dagen

trusoppplæringsdagen  
i Fjell, Foldnes og Landro

Glimt frå T6 Skulestart, T7 Sprell levande,  
T4 Kyrkjeboka mi, T11 På sporet og T10 HalloTweens!



Denne hausten har 6-åringar fått ta med dei nye skuleranslane til kyrkja, der fekk dei høyre om Sakkeus, leike og syngje. 7-åringane fekk komme til Landro kyrkje og bli med på ei vandring i kyrkja med ulike stasjonar. 11-åringane fekk møte ulike personar frå Jesu sitt liv, og ete god fredagsmat. 10-åringane fekk komme på HalloTweens, kle seg ut og vere med på mange kjekke klubbaktivitetar!

## Invitasjon til T-dagar!



Advent

Søndag 3. desember  
i alle tre kyrkjene



Laurdag 27. januar  
i Foldnes kyrkje



Sprell levande  
Laurdag 17. februar  
i Landro kyrkje



Påskevandring  
Laurdag 9. mars  
i Foldnes kyrkje



Påmelding og meir info: [www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)



# Ei kyrkje full av ungdommar

I år er det 103 konfirmantar i Foldnes sokn, og ein ettermiddag i veka er kyrkja full av konfirmantar. Torsdag 9. november fekk Himmel&hav møte halvparten av dei på konfirmantsamlinga i kyrkja.

**Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim**

Konfirmantane kjem rett frå ein lang skuledag, så samlinga startar med varm mat. Denne gongen hadde ungdomsarbeidar Kyung Mi Yun laga Empanadas frå Sør-Amerika.

Dagens tema handla om Gud som Fader og Skapar, og om bønn. Gjennom undervisning, bibelforteljing, film, samtale og bønnevandring fekk ungdommane både lære om og erfare den kristne trua. Dei femti ungdommane var delt inn i fire grupper, som rullerte på fire stasjonar. På to av stasjonane var det undervisning og samtale om Gud og om bøn. I tillegg var det ein stasjon med bibelforteljing og ein stasjon med bønnevandring.

Dagens bibelforteljing var



Skapinga. –På konfirmantsamlingane brukar me ein forteljingsmetode som heiter Gudsrikeleiken, fortel kyrkjelyds-pedagog Beate Sørhus. –Her er fokuset ikkje berre på forteljinga, men òg at ungdommane skal få reflektere over den og sjå korleis den kan handle om deira eige liv.

I kyrkerommet hadde diakon Ellen Ebbesvik laga til ei bønnevandring. –Bønn er ikkje noko du kan lære

gjennom undervisning, det er noko du må få erfare, seier Beate. –Når me lagar planar for konfirmantåret har me fokus på at konfirmantane skal få erfare kristen tru, ikkje berre bli fortalt om den. Det er så viktig at dei får gode redskap som dei kan bruke gjennom livet.

Det er sjølvsagt ikkje alltid så lett å halde fokus gjennom heile ettermiddagen, så på nokre av stasjonane vart det litt mykje armar og bein, og ikkje minst ein del fnising. –Men me har eit veldig fint konfirmantkull i år seier sokneprest Maria Tveten. –Dette er ungdommar som er opne, interesserte og vågale. Det er ein veldig positiv gjeng, og det er fint å vere saman med dei.



## Ny diakonimedarbeidar i Landro

Søndag 22. oktober vart Renate Olsen Seim presentert for kyrkjelyden på gudstenesta. Ho har sagt ja til eit vikariat som diakonimedarbeidar i Landro og byrjar umiddelbart. Renate og familien har nyleg flytta frå Brattholmen til Åse der dei bur.

Ho er utdanna helsefagarbeidar og har spesialisering innan psykiatri og rusførebygging. Ho har bl.a. arbeidd på Basecamp på Straume. I Foldnes kyrkje der ho høyrer til, er ho med i soknerådet og er med i frivillig teneste.

No er ho klar for teneste som diakonimedarbeidar i Landro sokn. Vi ønsker henne hjarteleg velkommen og ber Gud velsigna tenesta hennar hjå oss!

Tekst og foto: Alvhild Vassel Eide



## Hausttakkefest i Kausland kyrkje

Søndag 15. oktober vart det laga til hausttakkefest. I år var det mange posar og korgar med diverse frukt og grønsaker og andre ting som viste grunn å takka for. Denne gongen var det speidarane i Sund som bar inn all grøda og plasserte rundt alterringen. Så mykje hadde dei med seg at ein del måtte samlast i ei lita vogn for å få alt med.

Presten Kjell-Asle Børnes meinte at å takka for det vi haustar, innebar å dela. For å illustrera dette bad han fram til seg tre speidarar. Presten hadde med seg tre brød, og alle tre brøda gav han til ein av speidarane. Dei måtte seia seg samd i at dette blei ei noko skeiv fordeling, men betre blei det då dei delte brøda likt mellom seg slik at dei fekk eitt kvar.

Etter gudstenesta var det kyrkje-kaffi i kyrkjelydshuset. Her vart alt ein hadde med av markens grøde, lodda ut, og pengane skulle saman med takkofferet denne søndagen gå til Kirkens Bymisjon, som også hjelper folk som ikkje har nok mat.

Tekst og foto: Olai Otterå

## Menighetsweekend

Kvart år drar Foldnes kyrkjelyd på "menighetsweekend" til Skjergardsheimen ei helg i november! Det er mange aktiviteter, god mat og godt selskap. Her er eit glimt av alle på leiren (6-84 år) som var med på tur til Gløvrebu på laurdagen.

Foto: Jan Terje Sønstabø



## Generasjonskveld med lefsebaking i Landro

Ein haustkveld i slutten av oktober var kyrkjekjellaren i Landro gjort om til lefsebakeri. -Ta med kjevle og forkle, stod det i invitasjonen. Seks bakstebord, seks takker og 16 kjevlar stod klare til bruk for dei 20-25 lefsebakarane. Både unge, eldre og born var på plass då instruktøren Randi Algrøy sette i gang. Ho hadde sjølv med ferdiglaga deig både til tynne og tjukke lefser og gav små tips om korleis emnet skal vera og om steikinga. Snart var lefsebakarane i full gang, somme hadde erfaring, andre hadde knapt prøvd før. På alle bord vart det kjevla lefser og på alle takker låg lefser til steiking. Det summa av velverer medan lukten av anislefser fylte rommet.

«Generasjonskveldane høver for unge, gamle, barn, vaksne, damer, menn» heiter det i semesterprogrammet for Landro kyrkje. Dette er tredje gongen det vert arrangert lefsekurs, det er tydeleg populært!

Tekst og foto: Alvhild Vassel Eide



## Djup messe

Sokneprest Lars Arne Vik hadde kalla gudstenesta i Kausland kyrkje 1. oktober for Djup messe. Kva som var det djupe i denne gudstenesta, kunne ein nok lura på. Ein av grunnane var nok at vi i løpet av gudstenesta fleire gonger fekk høyra dei djupe stemmene til Mannskoret Laudamus frå Hardanger. Dette var eit kor som Lars Arne Vik gleda seg til å høyra og som han kjende godt etter å ha vore med der i 10 år.

Mannskoret Laudamus presenterte fleire songar. «Åndeleg sjømannssong» av Jakob Sande og «Blå salme» av Erik Bye var to av dei. Men vi fekk òg høyra «Å tro det er å legge» av Emilie Thorup, og som avslutning song dei «I midnattsolen» av Sture Odd og Alf Wold.

Tekst og foto: Olai Otterå

Vi gir deg ro til å hedre den som har gått bort.



**Φ**  
ΦΙΕΔΕΡ

SOLSTRANDS  
BEGRAVELSESBYRÅ

Sartorgården, 2. etg. over Meny, 5353 Straume  
Tlf: 55 55 16 16 | solstrands.no | post@solstrands.no

*Bergen & Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



**Leirstedet til IMF  
Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**  
**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



**Sund Senter  
Blomster**

**Opningstider**  
Mån.-ons. kl. 09-18, tors.-fred. kl. 09-20  
og laurdag kl. 09-16

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder - og elles det du måtte ønska. Vi har utkjøring av blomar kvar dag. Vi har gravstell.

**Tlf.: 56 33 90 13**



**Din lokale elektriker!**

**Thunestvedt**



Vestgar

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
**vestgarelektro.no**  
**vestgar@thunestvedt.no**

**Annonserer i**  
*Himmel & hav*

Vil du synast for alle innbyggjarar i Øygarden kommune?

Bladet hamnar i alle postkasser i Øygarden, og det er 4 utgåver pr. år med eit opplag på ca. 15 000

Ved å annonsere i Himmel&hav får du gjort bedrifta di synleg i eit seriøst magasin til heile Øygarden.

Ta kontakt med oss på mail:  
ys487@kyrkja.no  
for meir informasjon og prisar.

**Retting av namn**

I førre nummer av Himmel&hav hadde vi eit tilbakeblikk på ei sommerkonsert, der vart eit namn skrive feil: Andreas Block Laberg. Vi beklagar dette.



# Harald Myklebust om Trygve Bjerkrheim

**Tekst og foto: Olai Otterå**

Harald Myklebust har bak seg mange år som lærar på bibel-skulen og på NLA på Breistein. Særleg musikkfaget har stått i sentrum for interessa hans. Og som tidlegare musikk lærar var det Trygve Bjerkrheim han fokuserte på då han besøkte føremiddags-treffet i kyrkjekjellaren i Klokkarvik siste onsdagen i august. Trygve Bjerkrheim har skrive mange kjende kristne songar, og fleire av desse vart sunge denne dagen til akkompagnement av Harald Myklebust på piano.

Trygve Bjerkrheim vart fødd for 119 år sidan i Bjerkreim i Rogaland, altså i 1904. Han var nummer åtte i ein stor familie på 11 sysken. Faren Tønnes nekta borna sine å konfirmere seg, for han hadde mange døme på at mange let seg konfirmere utan å meine noko med det.

I 1913 flytta dei frå Rogaland til Høland på Romeriket, til ein gard som faren Tønnes hadde kjøpt. Her trefte han Thea. Dei gjekk

ein dag heim på kvar si side av ein sykkel. Då dei såg kvarandre i augo, var det gjort. Men det gjekk 13 år før dei gifte seg. Dei fekk ingen born.

Trygve Bjerkrheim gjekk m.a. på Fjellhaug ungdomsskule. Han gjekk ikkje på møte på den tida, men ein ven fekk han med seg. Då var det gjort. «Eg vil studere teologi», sa han. «Kva skal du bli når du blir prest?» spurde Hallesby då han delte ut vitnemålet. Då lo alle, for dei visste at Trygve ikkje blei prest. Det hadde han lova Tønnes.

Harald Myklebust hadde mykje å fortelja om Trygve Bjerkrheim, men det blei òg høve til å syngja fleire av dei mange kristne songane som Trygve har skrive. Det vert sagt at han skreiv nærmare 15.000 dikt. Mange av desse er blitt tonesette og framført i ulike samanhengar. «Ver ikkje redd» var ein av dei han skreiv. Han sende songen til Gunstein Draugedalen og lurte

på om han kunne laga ein melodi til. Det gjorde Draugedalen, og han gav songen ut på plate. Vi fekk syngja denne songen på føremiddagstreffet. Songen står òg i Norsk Salmebok.

Ein annan song av Trygve Bjerkrheim som står i Norsk Salmebok, er «Takk at du tok mine byrder». Dette var også ein av songane vi fekk syngja saman i Kyrkjekjellaren.

Ein gong gjekk Trygve Bjerkrheim fram til ein dirigent og spurde kven som hadde skrive den vakre songen som dei hadde sunge. «Han står framfor meg no», svara dirigenten. Det var med andre ord ikkje så lett for Trygve Bjerkrheim å ha oversikt over alle dei nær 15.000 dikta han har skrive.

Trygve Bjerkrheim skreiv mykje av dikta sine på nynorsk. Men den songen som vi avslutta foredraget til Harald Myklebust med var på bokmål: «Det er makt i de foldede hender.»



## Øygaardssong – song, fellesskap og einskap

For tredje gong var Øygaardssong gjennomført. Kulturhuset på Rong var fylt til randa tre dagar på rad siste helga i oktober.

**Tekst: Espen Tveten**

**Foto: Torgeir Sandøy Johannesen**

Øygaardssong handlar om song, fellesskap og einskap. Det er Vik bedehusforeining, INRI-kyrkja og Den norske kyrkja i Hjelme og Blomvåg som står saman om Øygaardssong. Det er viktig å vise at vi står saman om det viktige oppdraget med å løfta opp Jesus her vi bur.

Song og musikk har alltid vore

viktig for øygardsfolket. Under årets Øygaardssong var det ei blanding av konsertar og mykje allsong. Hovudgjest dette året var Morten Samuelsen frå Tau. I tillegg deltok mange dyktige lokale songarar og musikarar. Gospelkoret Lokal Vokal frå Foldnes kyrkje hadde konsert laurdag kveld og Gospelteens som øver i Blomvåg kyrkje bidrog

til at taket nærast løfta seg under familiegudstenesta søndag.

«Storebroren» til arrangementet er Skjærgårdsang i Langesund. Her er det mange impulsar og erfaringar Øygaardssong har ynskt å gje vidare. Opptak frå Øygaardssong vert sendt på Bedehuskanalen på nyåret.



**ADVENTSKONSERT**

**Foldnes kyrkje**  
Tirsdag 5. des. kl. 19.30

Ramp's dyktige band med solistene  
Bergljot Gjedrem, Remy Olsen,  
Erle Benedikte Verlo og Solveig Mo




**The Gospel Singers**

**Ønsker du en nydelig start på advent?**  
DU er hjertelig velkommen til vår årlige  
**GRATIS** adventskonsert!

VELKOMNE TIL STEMNINGSFULL

*Julekonsert*

HJELME GAMLE KYRKJE  
SØNDAG 26. NOVEMBER  
KL. 18.00






TERJE NILSEN    OLAUG ELISE ALVHEIM    ØYSTEIN STEINSLAND  
BILLETTAR 250;- VIPPS 90202505 & I DØRA



Velkommen til  
**julefest** for  
heile familien!

**Fjell kyrkje** laurdag 6. januar kl. 17.00  
**Landro kyrkje** laurdag 6. januar kl. 16.00  
**Foldnes kyrkje** søndag 7. januar kl. 16.00  
**Hjelme kyrkje** søndag 7. januar kl. 16.00

Det blir song, andakt, julepregang,  
underhaldning, kaker og mykje meir!



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

### SØNDAG 26. NOVEMBER

**Kausland kyrkje kl. 17:** Familie-gudsteneste ved Lars Arne Vik, utdeling av Bibel til 5. klassingar og dåp. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp, nattverd og søndagsskule. Offer til KRIK Sotra

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Ung gudsteneste for alle aldre ved Maria Tveten, nattverd. Offer til KIA Norge

**Landro kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og avslutning på T12 LysVaken. Offer til eige arbeid.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til Åpne dører.

### SØNDAG 3. DESEMBER

**Sund kyrkje kl. 11:** LysVaken-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**Fjell kyrkje kl. 11:** T3 familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp. Offer til T-dagsarbeidet.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** T3 familie-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp. Offer til eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 11:** T3 familie-gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp. Offer til eige arbeid.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten, dåp. Avslutning på LysVaken. Babysong deltek. Offer til P7.

### SØNDAG 10. DESEMBER

**Sund kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med krubbespel, ved Kjell-Asle Børnes. Offer til Misjonsalliansen.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp, nattverd og søndagsskule. Offer til Bibelselskapet.

**Foldnes kyrkje kl. 18:** Lysmesse ved Maria Tveten, konfirmantar deltek. Offer til ungdomsarbeidet.

**Landro kyrkje kl. 17.30:**

Vi syng jula inn! Sjå meir på s. 10.

**Hjelme kyrkje kl. 17:**

Vi syng jula inn! Sjå meir på s. 10.

### SØNDAG 17. DESEMBER

**Kausland kyrkje kl. 17:**

Vi syng jula inn! Sjå meir på s. 10.

**Fjell kyrkje kl. 18:**

Vi syng jula inn! Sjå meir på s. 10.

**Foldnes kyrkje kl. 17.30:**

Vi syng jula inn! Sjå meir på s. 10.

**Landro kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer til Kristent integreringsarbeid.

**Blomvåg kyrkje kl. 17:**

Vi syng jula inn! Sjå meir på s. 10.

### JULAFTAN 24. DESEMBER

**Sund kyrkje kl. 14.30:**

Gudsteneste ved Lars Arne Vik. Stjerne- og betweenskoret deltek. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**Kausland kyrkje kl. 16.30:**

Gudsteneste ved Lars Arne Vik. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**Fjell kyrkje kl. 13, 14.30 og 16:**

Gudstenester ved Per Hjemdal. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**Foldnes kyrkje kl. 14 og 16:**

Familiegudstenester ved Maria Tveten. Musikklaget Fjellklang medverkar kl. 14, og kl. 16 er det solosong ved Elise Brekke. Offer til eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 14.30 og 16:**

Gudstenester ved Bjarte Nese.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

**Tednebankane kl. 11:**

Gudsteneste ved Espen Tveten.

**Blomvåg kyrkje kl. 14.30 og 16:**

Gudsteneste ved Knut Kaldestad.

Offer til misjonsprosjektet.

Gospelteens deltek kl. 16.

**Hjelme kyrkje kl. 16:**

Gudsteneste ved Espen Tveten.

Offer til misjonsprosjektet.

### JULEDAG 25. DESEMBER

**Sund kyrkje kl. 12:**

Høgtidsgudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer til Det Norske Misjonselskap.

**Fjell kyrkje kl. 12:**

Høgtidsgudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer til misjonsprosjektet.

**Foldnes kyrkje kl. 12:**

Høgtidsgudsteneste ved Maria Tveten. Song ved Mannskoret Avogtil. Offer til misjonsprosjektet.

**Landro kyrkje kl. 12:**

Gudsteneste ved Bjarte Nese. Offer til misjonsprosjektet.

**Blomvåg kyrkje kl. 12:**

Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Eivor Vestbøstad Vik deltek på fiolin. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

### 2. JULEDAG 26. DESEMBER

**Foldnes kyrkje kl. 12:**

Reunion-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer til Stefanusalliansen.

**Hjelme kyrkje kl. 12:**

Høgtidsgudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

### MÅNDAG 1. JANUAR

**Kausland kyrkje kl. 12:**

Nyårgudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer til eige arbeid.

**Fjell kyrkje kl. 12:**

Nyårgudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer til eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 12:**

Nyårgudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

**Blomvåg kyrkje kl. 12:**

Nyårgudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd.

## SØNDAG 7. JANUAR

**Sund kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med gang rundt juletreet ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal.

**Sjå s. 29 for julefest i kyrkjene!**

## SØNDAG 14. JANUAR

**Kausland kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste med gang rundt juletreet ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp. Offer til eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd.

## SØNDAG 21. JANUAR

**Sund kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste med nattverd. Offer til Normisjons arbeid på Cuba.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd.

## SØNDAG 28. JANUAR

**Sund kyrkje kl. 11:** Ung messe

ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Konfirmantane tek del.

**Straume forum kl. 11:**

Fellesgudsteneste! Samarbeid mellom Fjell, Foldnes, Landro, Tremorkirken, IMF Straume, KF Sotra og pinsemenigheten Saron.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten, dåp. Utdeling av 4-årsbok.

## Sund samlar seg i ei kyrkje

I julehelga vil dei som kjem til gudsteneste i Sund sokn samla seg i ei kyrkje på høgtidsgudstenesta juledag. Andre juledag vert det altså ikkje gudsteneste.

## SØNDAG 4. FEBRUAR

**Sund kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste med karneval, ved Lars Arne Vik, dåp. Kostymer, fastelavnsbollar og kor.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp. Offer til Himalpartner.

**Landro kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste ved Bjarte Nese.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Sprell levande gudsteneste med dåp. Utdeling av 4-årsbok og 5-årsbibel.

## SØNDAG 11. FEBRUAR

**Kausland kyrkje kl. 11:** Familie-

gudsteneste med karneval, ved Lars Arne Vik, dåp. Kostymer og fastelavnsbollar.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Karnevals-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Fastelavnsbollar.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Karnevals-gudsteneste ved Maria Tveten.

Premie til beste kostyme! Offer til misjonsprosjektet vårt.

**Landro kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd.

## SØNDAG 18. FEBRUAR

**Sund kyrkje kl. 11:** Faste-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste ved Maria Tveten. Offer til Misjonsalliansen.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd.

# Kontaktinfo

## SOKNERÅDSLEIARANE

**Sund sokneråd:**

Arne Bakke, arne-bak@online.no

**Fjell sokneråd:**

Eigil Nødtvedt, netgil@online.no

**Foldnes sokneråd:**

Per Helge Refvik, perhelgerefvik@msn.com

**Landro sokneråd:**

Dag-Olav Bjørøy, bjoeroy@online.no

**Hjelme og Blomvåg sokneråd:**

Erling Vik, erl-vik@online.no

## KYRKJEVERJE

Annlaug Børve, 473 04 530, ab766@kyrkja.no

## SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortalt oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse: 924 63 278

Sokneprest i Sund Lars Arne Vik: 477 56 440

Sokneprest i Fjell Per Hjemdal: 411 26 549

Sokneprest i Foldnes Maria Tveten: 450 63 016

Sokneprest i Landro Bjarte Nese: 915 32 437

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg Espen Tveten: 916 17 800

Diakon Astrid Fylling: 971 75 733

Diakon Torunn N. Utvær: 922 34 648

Diakonmedarbeidar Ellen Ebbesvik: 924 42 881



Dåp betyr at det er høve til å ha dåp. Vi tek atterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på

SKJERIKYRKJA.NO

Du kan også lese  
om kyrkja si  
verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



# Velkommen til julegudstenester

I kyrkjene blir det ekte julestemning.  
Saman finn vi ro og fred for julehøgtida.

Når vi samlast til julegudsteneste syng vi saman, du får lytte til juleevangeliet, høyre klokkene ringje og vi får gå inn i høgtida i fellesskap med kvarandre.

Med denne vesle stunda skaper vi saman ro, håp, gode minne og julestemning for store og små.

Her er det rom for deg.

Sjå oversikt over alle gudstenestene på s. 30 eller på [skjerikyrkja.no/menighet/oygarden-kyrkjelege-fellesrad](http://skjerikyrkja.no/menighet/oygarden-kyrkjelege-fellesrad)



DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd